



Vestnes
kommune



midt i blinken

TRESFJORD BARNEHAGE

ÅRSPLAN 2021-2022



Eit trygt og godt fellesskap for leik og læring

Monica Klokk Sæterøy

TELEFON: 92 61 65 40 | SKULEBAKKEN 1, 6391 TRESFJORD

E-POST: MONICA.KLOKK@VESTNES.KOMMUNE.NO

Innhald:

Innleiing:	2
.....	2
Om barnehagen:.....	3
Pedagogisk grunnsyn / vår visjon:	3
Dagsrytme:	4
Måltid:	4
Fleksibel ferieavvikling:	5
Studie- og planleggingsdagar:	5
Samarbeid med heimen:	5
Samarbeidspartar:	6
Barnehagen sitt samfunnsmandat:	7
Pedagogisk innhald og arbeidsmetodar:	7
Kjerneprosessane:	7
→ Språk:	7
→ Leik og sosial kompetanse:	8
→ Fysisk- og psykisk helse:.....	9
→ Læring:	9
→ Danning:.....	10
→ Omsorg:	10
Arbeidsmetodar:	11
→ Barns medverknad:.....	11
→ Observasjon, dokumentasjon, refleksjon og evaluering:	11
→ Førskulegruppe:.....	12
→ Fagområda:.....	12
Satsingsområde 2021-2022:.....	13
→ Digital praksis i barnehagen:	14
→ Livsgledebarnehage:.....	15
→ Tema på den enkelte avdeling:	15
Kontaktinformasjon Tresfjord barnehage	16

Innleiing:

Alle barnehagar skal etter barnehagelova ha ei årsplan. Årsplan er ei beskriving av verksemda vi driv og er fastsett av Samarbeidsutvalet ved den enkelte barnehage. Ei årsplan skal mellom anna:

- Beskrive Tresfjord barnehage sine særtrekk og verdiar.
- Vere eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet - styre verksemda i ei bevisst og uttalt retning i tråd med rammer og lovverk.
- Gi informasjon og dokumentera det pedagogiske arbeidet i barnehagen til eigaren, politikarane, samarbeidspartar og andre interesserte.
- Vere utgangspunkt for føresette til å kunne påverke innhaldet i barnehagen.
- Grunnlag for kommunale tilsyn med barnehagen.



Om barnehagen:

Tresfjord barnehage er godkjent for 42 plassar. Aldersgruppa er 1-6 år, og for å få gode rutinar i kvardagen og gje barna eit pedagogisk opplegg og aktivitetar tilpassa alder og utviklingsnivå, deler vi barnegruppa i to avdelingar, Tressa og Ridder. Avdelingane har likevel eit tett og nært samarbeid- som gjer at alle kjenner alle. Slik legg vi til rette for gode overgangar mellom avdelingane i tillegg til å lette samarbeid på tvers av avdelingar.

Tresfjord barnehage har sin lokalisasjon i kjellaren ved Tresfjord Skule. Vi har romsleg med plass og kan i tillegg nytte delar av skulen ved passande høve. I nærmiljøet har vi lett tilgang til både skog og fjøre i tillegg til tilgang på gapahuk og idrettsplass.

Pedagogisk grunnsyn / vår visjon:

Målet vårt er at alle, både barn og tilsette skal få moglegheit til å utvikle seg til den **«beste utgåva av seg sjølv»**. Vi verdset **mangfald** og alle menneske fortener å bli **anerkjende** og **respekterte** for den dei er. Vi ønskjer at Tresfjord barnehage skal vere ein stad der alle kan få kjenne på **tryggleik, trivsel** og **glede**, jamfør vår visjon:

«Eit trygt og godt fellesskap for leik og læring»

Dagsrytme:

Klokkeslett:	Aktivitet:
Kl. 6.45	Barnehagen opnar
Kl. 6.45-8.00	Leik
Kl. 8.00→	Frukost Tannpuss Leik
Kl. 9.30	Deling i grupper inne-/ute- planlagde aktivitetar
Kl. 11.00	Lunsj
Kl. 11.45→	Leik inne/ute, soving, deling i grupper etc.
Kl. 14.00	Ettermiddagsmåltid
Kl. 16.30	Barnehagen stenger

Tidspunkta over er å sjå på som rettleiande. Dei vil kunne variere frå avdeling til avdeling og alt etter kva aktivitet som skal skje. Meir informasjon kring dagsrytme og aktivitetar vil de få frå den avdelinga barnet dykkar høyrer til.

Måltid:

Barna får servert alle måltid i barnehagen. Variasjon mellom brødmatt, varmmatt, kornblandingar, grønnsaker og frukt etc. Vi er opptekne av at vi skal servere sunn og rett ernæringsmessig mat og drikke til barna. Vi følgjer Sosial- og helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid i barnehagen og har utarbeidd vår



eigen kostplan knytt til desse retningslinjene, som blant anna vektlegg redusering av sukker- og saltinnhald i maten og servering av meir grønnsaker og fiskeprodukt. I tråd med berekraftig utvikling og blant anna hindre matsvinn, set vi ikkje opp menyar langt fram i tid men utnyttar det vi har av råvarer som må prioriterast.

Enkelte tradisjonar og høgtider har eigen mat og eigne matrettar knytt til seg, som t.d. feiring av Lucia, jul etc. Ved slike anledningar i barnehagen vil det også være naturleg å markere dagen med mat som er knytt til den. Kva som blir servert og når er nedfelt i vår eigen kosthaldsplan og er sjølvst sett på i samanheng med det totale talet på markeringar og feiringar i løpet av eit barnehageår.

Fleksibel ferieavvikling:

Ferietilbod er regulert av [Vedtektene](#) til Vestnes Kommune. Hovudregelgen er fleksibel ferieavvikling, dvs. sommaropen barnehagen. Samarbeidsutvalet ved den enkelte barnehage kan vedta at barnehagen skal ha fastsett ferie, dvs. feriestengt barnehage. Ved feriestengt barnehage får føresette med behov for fleksibel ferieavvikling ferietilbod ved anna barnehage med fleksibel ferieavvikling. Barna skal då ha med kjend personale frå eigen barnehage.

Studie- og planleggingsdagar:

Alle kommunale barnehagar i Vestnes kommune har sett av fem dagar til studie- og planlegging. Desse dagane er barnehagen stengt. Dagane vert primært brukt til fagleg utvikling av tilsette gjennom både intern- og ekstern kompetanseheving. For barnehageåret 2021-2022 har vi satt av desse dagane:

- ❖ Måndag 16. og tysdag 17.august 2021 (skulen har sommarferie)
- ❖ Måndag 4.okotober 2021 (skulen har haustferie)
- ❖ Måndag 3.januar 2022 (første dag etter juleferie)
- ❖ Fredag 3.juni 2022

Datoane over er satt med atterhald om endringar. Ved endring vil de får beskjed i god tid.

I tillegg til desse dagane har tilsette fleire møter på kveldstid, samt avdelingsmøte og leiarmøte på dagtid, gjennom året. Ved avvikling av møter på dagtid, har avdelingane tilsyn for kvarandre sine barn.

Samarbeid med heimen:

For å kunne gi eit best mogleg tilbod til brukar, ser vi på eit godt samarbeid med heimen som avgjerande. Det er viktig for oss å vite at de føler dykk trygge på at nettopp ditt barn blir

godt ivaretatt. Som føresette kan de være med på å verke inn på noko av det pedagogiske- og praktiske innhaldet i barnehagen. Dagleg kommunikasjon mellom heim og barnehagen er sjølvstøtt grunnleggande, men det er også fleire kanalar ein kan nytte seg av- mellom anna:

- **Brukarundersøking:**

Kvart år vert det gjennomført ei digital undersøking der de kan meine noko om innhaldet i barnehagen. Undersøkinga er utarbeidd av Utdanningsdirektoratet.

Resultat på undersøking gir oss gode indikatorar på kva som fungera bra og kva som bør utviklast.

- **Foreldreråd:**

Foreldrerådet består av alle føresette med barn i Tresfjord barnehage.

- **Foreldrekontaktutvalet (FAU):**

I foreldreutvalet sitt ein forelder frå kvar avdeling. Foreldreråd og foreldrekontaktene skal fremje foreldra sine interesser og bidra til eit godt samarbeid mellom barnehage og foreldre- samt skape eig godt barnehagemiljø.

- **Samarbeidsutvalet:**

Samarbeidsutvalet består av to representantar frå foreldrekontaktutvalet, ein-to representantar frå personale og ein frå eigar (Vestnes kommune). I tillegg møter vanlegvis einingsleiar på desse møta.

- **Foreldrearrangement:**

Gjennom året vert det lagt til rette for foreldrearrangement. Eksempel på dette kan være sommarfest, julefrukost eller anna.

Samarbeidspartar:

Barnehagen har mange gode samarbeidspartar til ulike formål. Eksempel på slike samarbeidspartar er mellom anna eigar, som også skal sjå til at barnehagen vert drivne etter gjeldande regelverk. Barnevern, helsestasjon, PPT, grunnskular, NAV, flyktningtenesta og utdanningsinstitusjonar er eksempel på andre samarbeidspartar.

Barnehagen sitt samfunnsmandat:



«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen, ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng».

Samfunnsmandatet til barnehagen handlar om å tilby barn under opplæringspliktig alder, eit omsorgs- og læringsmiljø som er til det beste for barna.

Verdiane i samfunnsmandatet skal vere grunnmuren i arbeidet med barna, og skal visast igjen i haldningar og handlingar hos personalet, i ein kontinuerleg prosess. Verdiane skal kome til syne i arbeidet gjennom kjerneprosessane i barnehagen.

Vi meiner at **språk**, **sosial kompetanse** og **psykisk-** og **fysiske helse** er «grunnpilarar» som eit barn må få støtte til å bygge opp, for å kunne danne seg eit godt og meningsfullt liv. Desse grunnpilarane i tillegg til **danning**, **læring** og **omsorg** er med på å danne «kjerneprosessane» i Tresfjord barnehage.

Pedagogisk innhald og arbeidsmetodar:

Kjerneprosessane:

→ Språk:

Språkstimulering er ei av barnehagen sine viktige oppgåver, og barn skal møte og vere ein del av eit rikt og variert språkmiljø. Språkleg kompetanse er avgjerande for å kunne kommunisere med andre, delta i leik og kunne medverke i kvardagen. Arbeidet med å støtte barna si tileigning av språk er ein sentral del av det pedagogiske arbeidet vi gjer i barnehagen. Det er i den daglege samtalen og gjennom dei daglege aktivitetane vi kan legge til rette for størst språkutvikling. Val av språkfremjande materiell, som t.d. bøker, songleik, digitale verktøy og bruk av leike- og språkgrupper, vil



bidra til ei auka utvikling. Barnehagen har fleire gode verktøy å støtte seg til og ved mistanke om sein eller avvikande språkutvikling skal barna kartleggast med TRAS (tidleg registrering av språk). Jamfør Vestnes kommune sin plan for kvalitetssikring av språkstimulering for barn i førskulealder. Ei utgåve til [føresette](#) og ei til [tilsette](#). De kan lese meir om desse på Vestnes kommune si heimeside.

→ Leik og sosial kompetanse:

Å **leike** er ein naturleg del av barn sin kvardag, og leiken er eit mål i seg sjølv. Leiken er viktig for trivsel, glede og utvikling av venskap. I

barnehagen skal barna få oppleve leik som eigenverdi og som grunnlag for læring og allsidig utvikling. Gjennom leiken får barn prøve ut dei førestillingane dei har til omverda, samstundes

som dei er i trygge og kjende omgjevningar. Tresfjord barnehage ønskjer å skape eit miljø der leiken er viktig og synleg i kvardagen. Dei vaksne skal vere tilgjengelege for barna og legge til rette for variert leik. Vi ønskjer å gi rom for både organisert- og frileik. Det er viktig at alle barn får ta del i leik, og at dei som treng ei ekstra støtte i leiken får dette. Gjennom leik ønskjer vi å legge til rette for at barn får gode erfaringar, ei oppleving av å meistre samspel med andre barn og styrke deira sosiale kompetanse.



Sosial kompetanse omhandlar eit sett av ferdigheiter, kunnskap og haldningar som vi treng for å meistre ulike sosiale miljø. Å vere sosialt kompetent i forhold til jamaldrande dreier seg om å meistre og tilpasse seg bestemte miljø med sosiale verdiar, krav og normer. Vi vektlegg særleg fem grunnleggande dimensjonar i arbeidet vårt med sosial kompetanse:

- **Empati** - viktig blant anna for å etablere venskap og nære relasjonar til andre, og vil også fungere som ei motvekt mot til dømes mobbing og vald.
- **Samarbeid** - inneber blant anna å dele, hjelpe andre og vere gjensidig avhengig av kvarandre, i tillegg til å følgje opp reglar og beskjedar.

- **Sjølvhending** - ofte avgjerande for å kunne delta aktivt i sosiale fellesskap. I det ligg også det å evne å seie nei til noko ein helst ikkje bør ta del i. Sjølvhending omfattar å be andre om hjelp, kunne stå for noko sjølv og reagere på andre sine handlingar.
- **Sjølvkontroll** - handlar om å tilpasse seg fellesskapet og ta omsyn til andre. Det inneberer å kunne vente på tur, vere kompromissorientert og reagere på erting og kommentarar frå andre utan å ta igjen, bli sint eller «slåst». Bevisstheit om eigne kjensler og evne til å forstå seg sjølv er vesentleg.
- **Ansvar** - dreier seg om å utføre oppgåver og vise respekt for eigne og andre sine eigendelar og «arbeid». Utvikling av evne til å vere ansvarleg vil ha samanheng med å få ansvar gjennom medverknad og ta konsekvensane av ansvaret.

Det viktigaste arbeidet mot å styrke den sosiale kompetansen slik vi ser det, er å skape gode relasjonar og vere i direkte samhandling med barna. Aktive og lyttande vaksne, som ser og rettleiar i naturlege situasjonar, vil vere ei kjerne.

→ Fysisk- og psykisk helse:



Fysisk- og psykisk helse heng saman, og vi vil hjelpe i arbeidet med å styrke folkehelsa gjennom mellom anna å legge til rette for at barn skal få kjenne på mentalt og sosialt velvære, glede og meistring over å vere i bevegelse, og på nytteverdien av eit hensiktsmessig kosthald. Vi ønskjer å bidra til å bygge opp gode vanar som barna kan ta med seg vidare i livet, der dei blir kjende med eigen kropp og utviklar bevisstheit rundt eigne og andre sine grenser.

→ Læring:

Vi har eit heilskapleg syn på læring. Barn lærer i alle situasjonar, gjennom inntrykk og erfaringar, i samspel og gjennom å observere andre. Kvardagssituasjonar i barnehagen er ein viktig arena for barna si læring. I tillegg til den uformelle læringa i kvardagssituasjonane, har vi også formell læring i tilrettelagde aktivitetar. Gjennom å dele barna i mindre grupper gjennom dagen, legg vi til rette for at dei vaksne kjem tettare på kvart enkelt barn. Her ligg

det gode moglegheiter til i endå større grad å kunne sjå kvart enkelt barn sine behov, og legge til rette for ein læringsarena tilpassa deira utviklingsnivå.

→ Danning:

Danning kan vi sjå på som ein livslang prosess der vi lærer av opplevingar og erfaringar vi gjer oss. I barnehagen får barna gjere seg erfaringar i samspel med andre barn og vaksne og vere ein del av eit fellesskap. Barna si danning heng og nøye saman med undring. Barn undrar seg over handlingar og haldningar i møte med andre menneske og dette legg grunnlaget for ein kritisk refleksjon om seg sjølv og samfunnet. Det er ein føresetnad at barna vert møtt av vaksne som viser respekt og tek barna sine innspel på alvor. Vi skal vere vakne og interesserte vaksne som undrar oss saman med barna og på denne måten kunne gje barna ny kunnskap og styrke barnet sin dannelsingsprosess. Danning handlar blant anna om å gjere eigne val, sjølvstendig tenking, toleranse, globalisering, demokrati og barns medverknad.

→ Omsorg:

Hos oss skal alle barn bli møtt med omsorg. Dette er vi forplikta til. Vi skal vere oppmerksame og opne for det unike hos kvart enkelt barn i gruppa. Vi er alle ulike individ med ulike føresetnadar og behov. Hos oss skal alle føle seg ønska og at dei har ein verdi i det å vere seg sjølve. Her er alle



like mykje verdt! Å vise omsorg er å vise merksemd, vere lydhøyr, vise nærleik, ha innleving og engasjement og evne til samspel i møte med andre menneske. Det er vårt - og ikkje barna sitt ansvar å skape gode relasjonar til kvarandre. Omsorg skal prege alle situasjonar i kvardagen vår gjennom å legge til rette for meningsfull aktivitet og skape eit miljø prega av glede, humor og kreativitet.

Arbeidsmetodar:

Arbeidsmåttane skal ivareta barna sine behov for omsorg og leik, fremje læring og danning. Metodane skal vere varierte, tilpassa barnegruppa og skal sikre progresjon hjå det enkelte barn. Vi ønskjer at val av metodar skal bidra til å gjere innhaldet i barnehagen spanande og variert, skape engasjement, interesse og motivasjon. Arbeidsmåttane skal også gje barn høve til å medverke i eigen barnehagekvardag.

→ Barns medverknad:

Barnehagen skal ivareta barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for at barn kan få gitt uttrykk for sitt syn på den daglege verksemda i barnehagen, jf. Barnehagelova § 1 og § 3, Grunnloven § 104 og barnekonvensjon art.12 nr. 1.

Barn sin medverknad inneber at ein får vere med å bestemme i lag med andre, men også det å få bestemme noko sjølv. Dette inneber at personalet i barnehagen må arbeide for å få til eit miljø der barn og vaksne har like stor verdi. Tilsette skal ha eit syn på - og behandle barna som likeverdige menneske. Vi må vere opne og lydhøyre for barn sine innspel, innlemme dette inn i kvardagen og stille oss positive til å vike frå planar som allereie er sett. Kor omfattande medverknaden vil vere, og korleis retten til medverknad vert praktisert, vil vere avhengig av barnet sin alder og funksjonsnivå.

→ Observasjon, dokumentasjon, refleksjon og evaluering:

Planane våre skal gi rom for kreativ tenking og moglegheiter for spontanitet og endring gjennom året, men samtidig sikre at vi følger dei rammene vi har. Aktiv deltaking og observasjon er viktig i dokumentasjons- og evalueringsarbeidet. Evaluering og endringsarbeid skal vektleggast i tilsette sine møtefora.

Vi skal legge til rette for ein kvardag der vi greier å fange barn sine interesser og synspunkt om den daglege verksemda. Det vil naturlegvis vere skilnadar i korleis dette vert praktisert på dei ulike avdelingane. Det heile må vere tilrettelagt alder og modning. Arbeidet med

observasjon og dokumentasjon vil stå sentralt i forhold til å sikre progresjon i arbeidet vårt og i kvart barn si individuelle utvikling.

→ Førskulegruppe:



Vi har førskulegruppe ein dag i veka for skulestartarane. Her driv vi med skuleførebuande aktivitetar. Barna får eit eige aktivetshefte som heiter «Trampoline». Hftet er delt inn i ulike kategoriar, som det er hensiktsmessig for barna å skaffe seg erfaring om fram mot skulestart.

Vi veit at barn lærer mykje gjennom leik. Leikprega aktivitet vil derfor også vere sterkt vekta i førskulegruppa. Som inspirasjon nyttar vi boka [Trampoline](#). Dette verktøyet har digitale ressursar knytt til seg, i tillegg til papirutgåve.

Det vert også lagt opp til fleire planlagde treff/aktivitetar mellom barnehage og nærskule, jamfør kommunal- og lokal plan for overgang mellom barnehage og skule. Meir informasjon om førskulegruppe vert gitt til dei føresette det gjeld.

→ Fagområda:

Alt arbeid vi gjer i barnehagen skal sjåast i samanheng med Rammeplan for barnehagar. Rammeplan for barnehagar er ei forskrift til barnehagelova som gir tilsette i barnehagen ei forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si pedagogiske verksemd. Rammeplanen gir informasjon til foreldre, eigar og tilsynsmynde.

Barnehagen sitt innhald skal vere basert på eit heilskapleg læringssyn, der **omsorg, leik** og **læring** står sentralt. All aktivitet vert gjennomgåande dokumentert og sikra opp mot dei **sju fagområda** som vi er pålagt å arbeide etter. Desse er:

- Kommunikasjon, språk og tekst.
- Kropp, rørsle, mat og helse.
- Kunst, kultur og kreativitet.
- Natur, miljø og teknologi.



- Mengd, rom og form.
- Etikk, religion og filosofi.
- Nærmiljø og samfunn.

Dei sju fagområda vil sjeldan opptre isolert. Fleire område vil ofte vere representert samtidig i samband med kvardagsaktivitetar. I aktivitetane vi har i kvardagen går fagområda inn i kvarandre

Dersom de ynskjer å sjå meir på Rammeplanen kan de låne ein av barnehagen eller lese den ved å klikke [her](#).

Satsingsområde 2021-2022:

Alle barnehagane i Vestnes skal i august 2021 starte opp eit kompetansehevingstiltak knytt til barnehagen sitt psykososiale barnehagemiljø.

Barn i barnehage fekk 1. januar 2021 lovfesta rett til eit godt psykososialt barnehagemiljø. Kommunane i romsdalsregionen skal saman med Høgskulen i Volda sette i gang kompetanseheving for å sikre at alle tilsette i barnehagane våre arbeider for at alle barn har ein trygg og god barnehagekvardag .

Høgskulen i Volda har det faglege ansvaret og skal rettleie barnehagane i arbeidet. Alle tilsette i barnehagen skal vere med på tiltaka, vi vil m.a bruke studiedagane og personalmøta til dette.

På avdelingsnivå får ein vel ut eit fokusområde ein vil jobbe med, fokusområdet kan variere frå avdeling til avdeling, men skal handle om ein trygg og god barnehagekvardag for alle barn.

I samband med at barn fekk lovfesta rett til eit godt psykososialt barnehagemiljø har «Handlingsplan mot mobbing i barnehagane i Vestnes» blitt revidert og heiter no «Plan for arbeidet med eit godt psykososialt miljø i barnehagane i Vestnes»

Planen inneheld m.a dokument som skal vere til hjelp for tilsette visst dei oppdagar at nokon ikkje har det bra i barnehagen. Du kan lese meir her:

[plan-for-arbeidet-med-eit-godt-psykososialt-miljo-i-barnehagane-i-vestnes-kommune.pdf](#)

→ Digital praksis i barnehagen:


I Rammeplanen for barnehagen sitt innhald- og oppgåver står det at den digitale praksisen i barnehagane skal bidra til leik, kreativitet og læring. Digitale verktoy skal nyttast som eit supplement, som støttar opp under det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Digitale verktoy skal ikkje dominere som arbeidsmetode, men vere med på å berike det vi allereie gjer.

Å arbeide med digitale verktoy fordrar eit personale som er aktivt engasjerte i lag med barna. Personalet skal digital dømmekraft, verne barna sitt personvern og støtte barnas utøve etisk forståing knytt til dette arbeidet. Samstundes skal personalet vere ein leikande, utforskande partner som syner barna at digitale verktoy både er ei kjelde til informasjonssinnhenting, så vel som ein måte å uttrykkje seg - og skape på.

Alle tilsette skal gjennomføre kompetansepakka “Digital dømmekraft” og «Digital Praksis», henta frå Utdanningsdirektoratet sine sider, og vi vil arbeide vidare gjennom året for å styrke personale sine ferdigheiter i høve bruken av digitale verktoy. I arbeidet med digital praksis vil me mellom anna støtte oss til [utdanningsdirektoratet-](#) og [IKT plan](#) sine nettsider.

For å sikre kvaliteten på arbeidet med digitalisering i barnehagen, er det mellom anna laga ein felles [plan](#) knytt til korleis ein tenkjer å arbeide med digital praksis i barnehagen. Planen er gjeldande for alle kommunale barnehagar.

Som eit ledd i arbeidet med digital praksis har dei kommunale barnehagane tatt i bruk ei digital plattform som skal forenkle og trygge informasjon mellom barnehage og heim- Visma Flyt Barnehage. Deling av informasjon skjer vi App. Appen er under utvikling og fleire funksjonar kjem til etter kvart. I skrivande stund blir appen primært nytta til enkle beskjedar fram og tilbake mellom den einskilde familie, men også til å sende ut informasjon som gjeld alle. Løysinga har pr. dag ikkje alle funksjonar på plass.



Slik vil vi i ein overgangsperiode måtte nytte mellom anna telefon og e-post i tillegg som kommunikasjonskanalar. Etter kvart som funksjonar kjem på plass går vi vekk frå dette.

Tilsette nyttar app til å registrere barn når dei kjem og går for dagen, samt skaffe seg oversikt over kontaktinformasjon, allergi, sjukdom eller anna viktig informasjon om barnet.

I tillegg til å forenkle og effektivisere kommunikasjon mellom barnehage og heim vil den digitale plattformen også bidra til å sikre god dokumentasjon. Løysinga er i samsvar med lov om behandling av personopplysningar og er å rekne som ei sikker løysing ved å logge inn via feide.

Det er viktig å peike på at dette ikkje skal erstatte den daglege kommunikasjonen i hente/bringe situasjon, men fungere som ei støtte i den praktiske kommunikasjonen.

Informasjon om korleis ein som føresett tek i bruk app/ loggar inn får de i eige informasjonshefte.

→ Livsgledebarnehage:



Me er i gong med prosessar fram mot det å bli ein

«livsgledebarnehage». I det å være ein livsgledebarnehage ligg det mellom anna det å bidra til å skape gode opplevingar gjennom felles aktivitet med for eksempel bebuarar på sjukeheim, eller eldre i egne

heimar som er mykje aleine. Gjennom ei slik satsing håpar ein å sjå ei helsefremmande effekt både hos dei eldre og for barna i barnehagen. Hensikta er mellom anna å stimulere til felles aktivitet, som gir dei eldre ei moglegheit til å vere ein ressurs for barn og unge. Det er usikkert kor tid vi kan starte opp- men håpar at vi i løpet av året er i gong. De kan lese litt meir om livsglede for eldre ved å klikke [her](#).

→ Tema på den enkelte avdeling:

Den enkelte avdeling vil gjennom året arbeide med eit eller fleire overordna tema. Tema skal ein kunne sjå igjen i det pedagogiske innhaldet, arbeidsmetodane og satsingsområda.

Nærare informasjon om korleis det blir arbeida ute i den enkelte avdeling- vil de få frå pedagogiske leiarar på den aktuelle avdelinga.

Kontaktinformasjon Tresfjord barnehage

Einingsleiar, Monica Klokk Sæterøy

Monica.klokk@vestnes.kommune.no

Tlf. 926 16 540



Avdelingane

Tressa:

Hovedtelefon: 468 84 935

Mobil 2: 468 93 928

Camilla.hole@vestnes.kommune.no

Therese.kvistad@vestnes.kommune.no

Ridder:

Hovedtelefon: 911 12 576

Mobil 2: 469 05 971

Hanne.longva@vestnes.kommune.no

Lisa.frostad@vestnes.kommune.no